

Referat senterråd 22.04.21

Stad: Digitalt (Zoom)

Til stades:

Peder Haug – rådsmedlem leiar ekstern, Ingrid M. Løkken – rådsmedlem vit.sk. tilsett, Kjersti B. Larsen – rådsmedlem ekstern, Torunn Helene Fredriksen – rådsmedlem tekn.adm. tilsett, Sigrun Ertesvåg – rådsmedlem vit.sk. tilsett/FoU-leiar, Lene Vestad -vara rådsmedlem stipendiat/student, Hege C. N. Barker vara rådsmedlem tekn.adm.tilsett (delvis til stades) , Liv Jorunn Byrkjedal-Sørby – vikarierande utdanningsleiar, Lars H. Bjelland – kontorsjef avd. Porsgrunn, Dag Jostein Nordaker – senterleiar, Solveig Roth - avd.leiar Porsgrunn (delvis til stades), Ingar Lee – kontorsjef avd. Stavanger.

Forfall:

Anita Rosengren – vara rådsmedlem ekstern. Elsa Westergård – utdanningsleiar, Unni V. Midthassel – rådsmedlem vit.sk. tilsett, Maren Stabel Tvedt – rådsmedlem stipendiat/student, Marianne Haas – vara rådsmedlem ekstern.

Sakliste

1/21 Godkjenning av møteinkalling og saksliste (referat godkjend pr. mail tidlegare)

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2/21 Informasjon om senteret si verksemd inkludert presentasjon av forskingsprosjekt

Senterleiar hadde gjennomgang av ein presentasjon som informerte om status innan:

- Organisasjon og ressursar
- Oppdragsverksemd og samfunnskontakt
- FoU
- Utdanning
- Kommunikasjon og formidling

Ein redigert versjon av presentasjonen vert send ut i etterkant til deltakarane.

Stipendiat og vara rådsmedlem Lene Vestad hadde eit framlegg av «Robust-piloten» som er relatert til forskingsprosjektet Resilient.

3/21 Årsrapport 2020 og årsplan 2021

- Viser stor aktivitet ved senteret og at ein er inne i ein fase med ekspansjon og mykje interessant verksemd. Det kom innspel på at senteret kanskje kan verte endå meir synleg på at me allereie er og vil vere eit stort landsdekkande nasjonalt senter.

4/21 Økonomirapport 2020

- God økonomi, eit mindreforbruk som blant anna kjem på grunn av mindre reiseverksemd og tilsetjingar som dreg ut i tid.

5/21 Budsjett 2021

- Økonomiansvarleg gjekk kort gjennom det overordna. Ein må vere seg medviten at mogleg endra politisk styring frå hausten kan føre til ei anna innretning på tildeling frå statleg hald. Det er lagt opp til at senteret også i framtida skal ha ein offensiv tilnærming til vidare vekst av verksemda.

6/21 Strategiplan Læringsmiljøsenteret

- Senterleiar hadde ein gjennomgang av kva som har vorte gjort i strategiplanarbeidet internt på senteret frå førre senterrådsmøte, inkludert ny organisasjonsmodell.
- Senterleiar la deretter fram forslag til mal for den nye strategiplanen for 2021 – 2030, og bad om kommentarar på denne skissa i eit gruppearbeid på slutten av møtet.
- Det kom fleire nyttige innspel frå det to gruppene, som senterleiar tek med seg inn i sluttføringa av strategiplanarbeidet.

7/21 Eventuelt

Senterrådsleiar takka av medlemmane i rådet, sidan dette er det siste planlagde møtet før nyvald råd tek over til hausten. Og senterleiar takka rådet og ikkje minst dei eksterne representantane som har hatt eit utanfrå blikk som har vore svært nyttig for senteret.

Stavanger 22.04.21

*Ingar Lee
Referent*